



Kveldstur med fiske frå land og båt.

Måndag 27. juli arrangerer Forsand Jeger- og Fiskerforening (FJFF) ein liten sjøfisketur .

Me startar opp frå Bergevik - på moloen klokka 19:00 og er ferdige klokka 22:00 seinast.

Alle som skal begynne i 5. klasse til hausten, og dei som er eldre kan vere med.

Me legg inn ein liten pause i fiskinga der me tek oss tid til litt grillmat og drikke. FJFF ordnar alt av mat og drikke, og arrangementet er sjølvstøtta gratis.

Du kan velje om du vil fiske frå land eller båt. Gjerne litt av begge deler? FJFF har fiskeutstyr som du kan låne, både for fiske frå land og båt.

Ta gjerne med redningsvest om du har. Dersom du ikkje har, får du låne.

Kle deg elles etter ver og vind, og ta gjerne med deg ein kniv slik at du får gjort opp fangsten din.

Kanskje legg me inn ein liten fiskekonkurranse?

Rune og Tore er leiarar, og du kan melde deg på til Rune; 908 90 850 seinast fredag 24. juli. (Me må ha minst tre deltakarar.)

Helsing Forsand Jeger- og Fiskerforening (FJFF)

Rune og Tore